

1. Søknad om å opprette Bedriftsmodellen som pilotprosjekt ved Stranda vgs

2. Beskriving av pilotprosjektet

1.

Stranda vgs søker med dette Møre og Romsdal Fylkeskommune og skoleeigar om å få starte opp eit pilotprosjekt med studietilbodet Bedriftsmodellen frå skuleåret 2026/2027, som eit tillegg til dei yrkesfaglege og studiespesialiserande studietilboda Stranda vgs tilbyr. Søknaden om pilotprosjektet gjeld for ein fireårsperiode, fram til og med skuleåret 2029/2030.

Bedriftsmodellen er eit yrkesfagleg opplæringstilbod der opplæringa føregår både i skule og bedrift, eleven har både elevstatus og lærlingstatus. Skulen gir opplæring i fellesfaga på Vg1 og Vg2 to dagar i veka, og bedrifta gir opplæring i programfaga på Vg1 og Vg2 tre dagar i veka. Frå Vg3 er all opplæring i bedrift, med ein tverrfagleg eksamen etter Vg3. Denne eksamen er grunnlaget for karakter i programfaga. Etter Vg4 går eleven opp til fagprøven. Dette betyr at bedrifta tek på seg 3/5 av opplæringa dei to fyrste åra, og all opplæring dei to siste åra. Eleven/lærlingen har i tillegg oppfølging frå skulen.

Bedriftsmodellen er godt utprøvd og veletablert i Nordland Fylkeskommune og Troms Fylkeskommune. Dei har gode erfaringar med at dette er ein god fagopplæringsmodell for mindre kommunar og små vidaregåande skuler fordi ein kan opprette tilbud så lenge ein bedrift tek på seg ansvaret for deler av opplæringa. Dei har brukt fleire år på å utvikle Bedriftsmodellen og utvikling av bedrifter til gode opplæringsarenaer (Brastad, et.al, 2021)

I det overordna målet i «Fylkesstrategi for kompetanse 2024-2027» (Møre og Romsdal Fylkeskommune, 2023) ligg det eit omsyn både til samfunnet og til individet, og strategien skal mellom anna bidra til eit konkurransedyktig næringsliv. Formålet med Bedriftsmodellen er å sikre gode og skreddarsydde opplæringstilbod som ivaretar behovet for faglært arbeidskraft i distriktet i Møre og Romsdal. Bedriftsmodellen er ei opplæring for elevar med gode praktiske ferdigheiter, med mål og ambisjonar om eit spesifikt fagbrev.

Modellen gir elevane på små vidaregåande skular i distriktet fleire val moglegheiter når det gjeld yrkesfagleg opplæring og fagbrev, og fleire unge i kommunane Stranda og Fjord moglegheit til å bu heime for å ta vidaregåande opplæring. Steigenmodellen ved Knut Hamsun vgs har ca.70 elevar fordelt frå Vg1-Vg4 og ei gjennomføring på 90 %. Bedriftsmodellen ved Nord-Troms vgs har ca.20 elevar fordelt frå Vg1-Vg4 og ei gjennomføring på tilnærma 100 %.

Ein oppstart av Bedriftsmodellen på Stranda vgs vil sikre lokale bedrifter i Stranda kommune, Fjord kommune og Sykkylven kommune tilgang til lærlingar, og auke tilgangen på faglært arbeidskraft. Dette er ei opplæring tilpassa samfunnets behov, ei opplæring som gir eit betre samarbeid mellom næringsliv, opplæringskontor og skule. I tillegg bidreg ungdom som til verdiskaping i lokalt arbeidsliv (Delstrategi for kompetanse. Tilbod i vgo) (Møre og Romsdal Fylkeskommune, 2024)

Ei risikoanalyse knytt til pilotprosjektet avdekkjer fire utfordringar, dette er:

1. Konkurransen med eigne tilbod
Eit nytt tilbod på Stranda vgs kan være i konkurranse med søking til eksisterande tilbod, samtidig er Bedriftsmodellen for elevar/lærlingar som er målretta og har ein ambisjon om ei opplæring og eit spesifikt fagbrev dei elles ikkje kan velje på skulen her.
2. Konkurransen med andre skular

Stranda vgs og Sykkylven vgs er naboskoler. Sykkylven vgs har yrkesfaglege tilbod på Elektro og datateknologi og Teknologi og industrifag, Bedriftsmodellen er ikkje tenkt i konkurranse til dei tilboda, men innafor andre yrkesfaglige retningar. Med eit samarbeid kan Bedriftsmodellen gi elevar frå Sykkylven utvida val, og bedrifter i Sykkylven betre tilgang på fagkompetanse og fagarbeidarar.

3. Konkurranse om lærlingplassar

Ein del lærlingplassar blir knytt opp til Bedriftsmodellen og ein kan tenke seg det vil gi færre lærlingplassar til ordinære lærlingar. Godt samarbeid og god planlegging mellom bedriftene og opplæringskontora, og god planlegging frå skulen si side kan hindre dette.

4. Elevar som ikkje gjennomfører

Dersom ein elev avsluttar opplæring langt ute i opplæringsløpet, vil eleven kunne risikere å stå utan formell kompetanse. God planlegging, godt samarbeid mellom skole, bedrift, elev/lærling og heimen er nødvendig for å unngå dette.

Bedriftsmodellen som eit pilotprosjektet gjennom ein 4 års periode vil gje Stranda vgs og samarbeidspartnarar nyttige erfaringar knytt til eit samarbeid om fagopplæring.

Bedriftsmodellen for elev/lærlingar og bedrift kjem til å gi erfaringar knytt til eit tett samarbeid mellom skule, bedrift og opplæringskontor. Dette er i samsvar med resultatmåla for utdanningstilbydar som er lista opp i «Fylkesstrategi for kompetanse 2024-2027». Erfaringar knytt til pilotprosjektet kan gi Stranda vgs og andre distriktskular i Møre og Romsdal gjere seg nytte av i framtida, gjennom evaluering og erfaringsdeling.

Stranda vgs har gjort ei behovsanalyse i Stranda kommune, Fjord kommune og Sykkylven kommune. . Interesse frå bedriftene synar at det er eit stort behov for faglært arbeidskraft i distriktet her i framtida. Vedlegg til søknaden er intensjonsavtaler med bedrifter, opplæringskontor og kommunane Stranda, Fjord og Sykkylven om **eit vidare samarbeid** for å få på plass intensjonsavtaler om lærlingplassar knyta til Bedriftsmodellen.

Bibliografi

Møre og Romsdal Fylkeskommune. (2023, 12 11). *Fylkesstrategi for kompetanse*. Henta frå <https://pub.framsikt.net/plan/mrfk/plan-3adfb493-2e69-464c-8f4e-fa756a46b012-17944/#/>

Møre og Romsdal Fylkeskommune. (2024, 1 1). *Fylkesstrategi og regionale planer*. Henta frå <https://mrfylke.no/tenester/plan-okonomi-og-statistikk/regional-planlegging/fylkesstrategiar-og-regionale-planar/#faqsporsmal-232>

(Brastad, et.al) 2021, «Opplærings- og utdanningstilbud for unge i distriktene» (Oxford Research AS, Kristiansand)

2.

1. **Prosjektbeskrivelse**

Det kortsiktige formålet med Bedriftsmodellen er å utvikle gode og skreddersydde opplærings tilbud som ivaretar behovet for faglært arbeidskraft i kommunene Stranda, Fjord og Sykkylven

Det langsiktige formålet med Bedriftsmodellen er gjennom erfaring og erfaringsdeling å utvikle gode og skreddersydde opplærings tilbud som varetek behovet for faglært arbeidskraft i Møre og Romsdal Fylkeskommune

2. **Bakgrunn og begrunnelse:**

- utforme eit nytt tilbud i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal Fylkeskommune
- utvikle eit relevante opplæring- og utdanningstilbod innafor fagopplæring i Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Systematisere arbeidet med Bedriftsmodellen i Møre og Romsdal Fylkeskommune for å skape eit varig og framtidsetta tilbud

Oxford reaserch har på oppdrag frå Distriktssenteret kartlagt eksempler på utdanningstilbod til unge i distriktet (Brastad et.al, 2021)

<https://distriktssenteret.no/eksempel/steigenmodellen-en-god-modell-for-utdanning-i-mindre-kommuner/>

3. **Målsettinger:**

- bidra til regional oversikt over arbeids- og utdanningstilbod
- gi innsikt i lokale kompetansebehov
- utvikle utdanningstilbod som er relevante for samfunnet
- dele gode praksisar og erfaringar med andre utdanningstilbydarar
- sikre heilskaplege innspel til det regionale samarbeidet mellom lokale utdanningstilbydarar og lokalt næringsliv

3. **Metodikk**

Et pilotprosjekt med Bedriftsmodellen i Møre og Romsdal baserer seg på to modeller som allereie eksisterer i Nordland Fylkeskommune, Steigenmodellen og i Troms Fylkeskommune, Bedriftsmodellen

4. **Tidsplan**

Frå 01.04.2025 -selge inn modellen til bedrifter

Frå 01.04.2025- samarbeid og forhandlingar om intensjonsavtaler om lærlingeplasser

Frå 01.09.2025 -informasjon og markedsføring overfor elever og foreldre

Uke 45 2025 Yrkesmesse på Stranda vgs

01.03.2026 Søknadsfrist i VIGO, til skolen, til bedriften og opplæringskontoret

01.03.2026-01.06.2026 implementering av lærlingeplasser og lærlinger

5. **Budsjett**

Finansiering av ei 40% stilling som prosjektleiar/koordinator/kontaktlærer frå 01.08.2025

Finansiering av ei klasse samansett av elever i bedriftsmodellen

Finansiering pr. elev som har opplæring i fellesfag på skulen

Finansiering av ei 40% stilling som prosjektleiar/koordinator/kontaktlærer frå 01.08.2025

6. **Ressurser og samarbeidspartnere:**

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Opplæring i bedrift og Yrkesopplæringsnemda

Private bedrifter og næringsliv i kommunene Stranda, Fjord og Sykkylven

Stranda Kommune, Fjord kommune og Sykkylven Kommune

Opplæringskontorene

Stranda vidaregåande skule

Sykkylven vidaregåande skule

7. **Evaluering og rapportering**

Evaluering av arbeidet undervegs knyta til tidsplan

Skriftlege rapportar

Case studie etter prosjektfasen

8. **Vedlegg:**

<https://www.bedriftsmodellen.com/bedrifter> (Nord-Troms vgs.)

Intensjonsavtaler om vidare samarbeid med bedrifter